



**HØGSKULEN I VOLDA**

Volda University College

## Nyhendebrev nr. 20, 25. mai 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### HS Bygg skal bygge om Hans Strøm-huset

Statsbygg har gjennomført ein anbuds konkurranse for å velje ut kva firma som skal utføre ombygginga av Hans Strøm-huset. Vinnar av konkurransen vart firmaet HS Bygg i Stryn. Den samla kostnaden på ombygginga blir på nærare 110 millionar kroner og dekkjer både planlegging, sjølv arbeidet og oppfølging av prosjektet. Fordi prosjektet er over 100 millionar kroner skal regjeringa godkjenne prosjektet gjennom eit såkalla regjeringsnotat. Vonleg rekk regjeringa å få gjort dette før sommarferien slik at prosjektet ikkje blir forsinka. Hans Strøm-huset er no på det næraste tømt så det meste er klart for at arbeidet kan starte når alt er godkjent. Arbeidet vil ta over eit år.



### "Fylkes-disputas" 3. juni

Anita Dyb Linge skal disputere på Høgskulen i Volda fredag 3. juni. Og disputasen er resultat av eit breidt fylkessamarbeid: Linge har fullført fellesgraden i helse og sosial som Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde samarbeider om. Stipendiatstillinga til Linge var finansiert av Møre og Romsdal Fylke og Dyb Linge er den første av "fylkesstipendiatane" som har gjennomført doktorgradsprosjektet. Prosjektet har vorte gjennomført i samarbeid mellom Høgskulen i Volda og Muritunet i Valldal i Fjord kommune.

**LES MEIR**

**LES MEIR**

## Studium og studentliv:

### Høgskulen fekk 10 studieplassar til ukrainske flyktingar

Høgskulen i Volda har fått 10 studieplassar som skal gå til ukrainske flyktingar som kan ta utdanning ved Høgskulen i Volda. Det er ikkje avklara kva fagområde høgskulen vil prioritere, men i søknaden om studieplassar vart både Norsk for internasjonale studentar (NIS) og engelskspråklege tilbod på Avdeling for mediefag lansert som aktuelle tilbod. [Les også om tildelinga i nettavisa Khrono.](#)

### Studentprisen 2022: Frist for nominasjon er 12. juni

Kjenner du ein student som har lagt inn ein ekstra innsats i år for å betre studiekvaliteten? Kanskje fleire studentar som i lag har engasjert seg spesielt hardt i ein studentorganisasjon eller som har teke eit ekstra engasjement i klassa di for å samlast sosialt under pandemien? Om svaret var ja på minst eit av desse spørsmåla, så ønskjer Studentparlamentet, Studentsamskipnaden i Volda og Høgskulen i Volda at du tek deg tid til å [nominere den eller dei studentane - innan 12. juni.](#)

### Utdanningsdagane flytta til 1. og 2. november

Utdanningsdagane blir arrangert på Høgskulen i Volda også i 2022, men det har vorte gjort ei endring. Datoen for Utdanningsdagane i 2022 blir 1. og 2. november. Utdanningsdagane har vorte flytta for å unngå kollisjon med Operasjon Dagsverk som blir arrangert 3. november. [Les meir om utdanningsdagane på nettsidene våre.](#)

### Menyen i kantina 30.5.-3.6.

Måndag: Nøttesteik med rosenkål og potetmos(vegan)/Spinatsuppe(vegan)

Tysdag: Seibiff med løk og råkost/Gulrotsuppe

Onsdag: Nakkekoteletter med surkål og brun saus/Fiskesuppe

Torsdag: Potetball med tilbehør/tom-kah suppe

Fredag: Tacobuffet

# Fag og forskning

## Synnøve H. Amdam disputerer 9. september

[Høgskulelektor Synnøve H. Amdam](#), AHL, har fått godkjent avhandlinga si og skal disputere ved Universitetet i Oslo 9. september. Amdam har arbeidd med eit prosjekt med tittelen "Læraren i Medium og kommunikasjon. Profesjonsutdannar eller allmenndannar?"



## Ny doktorgrad? Her er arbeidsgruppa

På dette bildet ser du arbeidsgruppa som arbeider med den nye ph.d.-en med utgangspunkt i AHL. Gruppa er samansett av (frå venstre) professor Eirik Søvik, professor Marie Nedregotten Sørbø, professor Tor Arne Haugen, professor Siv Måseidvåg Gamlem, professor Inger Marie Okkenhaug og professor Per Halse (leiar). Historieprofessor Okkenhaug er tilsett på Avdeling for samfunnsfag og historie medan alle dei andre professorane er tilsette på Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning.

## Ny doktorgrad? Planen for "Humaniora og utdanningsvitenskap" på høyring

Arbeidsgruppa som planlegg Høgskulen i Volda sitt nye doktorgradsprogram har sendt planane på høyring til alle tilsette. Høyringsfristen er måndag 30. mai. Framlegget til tittel på programmet er "Humaniora og utdanningsvitenskap", og tittelen har vorte justert etter kommentarar som kom fram på eit allmøte tidlegare i år. I invitasjonen skriv arbeidsgruppa: "Vi veit at her er mykje kompetanse rundt i fagmiljøa, og mange av dykk vil ha synspunkt og kommentarar som kan vere med og gjere planane betre for det nye programmet. Vi vil gjerne få innspel både frå enkeltpersonar og (forsknings-)grupper eller andre fagmiljø." Planane skal seinare opp som orienteringssak både i Utdanningsutvalet og i Forskningsutvalet. Høgskulestyret tek avgjerd om søknaden skal sendast på styremøtet 15. september, og frist for å sende søknaden til NOKUT er 1. november. Det kan berre sendast søknad om akkreditering av doktorgradsprogram ein gong i året.

## Bjørn Smestad fast tilsett som dosent II i matematikdidaktikk

[Bjørn Smestad](#) har vore dosent II ved Høgskulen i Volda i fleire år. No har han vorte fast tilsett som dosent II i matematikdidaktikk ved Høgskulen i Volda. Det skjedde etter at stillinga vart lyst ut. [Smestad har si hovudstilling ved Oslomet.](#)

# Forskningsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

## Inntil 3 professor-/dosentstipend - søknadsfrist 15. juni 2022

Førstelektorar og førsteamanuensar ved Høgskulen i Volda har fått informasjon og invitasjon til å søke på professor-/dosentstipend. Søknadsfristen er 15. juni 2022. Kvinner vert særskilt oppmoda til å søkje. Vilråa for stipenda er som tidlegare år. Dette er ei støtteordning som er særmerkt for Høgskulen i Volda og av dei 13 som har teke til på ordninga sidan 2014 har 6 fått opprykk til professor/dosent. [Les meir om vilråa for ordninga på nettsidene våre.](#)

# Publisering og formidling

## Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått

publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

### **Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid**

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

### **Ny bok av Jan Inge Sørbø: "Fire store" - om fire forfattarkvinner**

[Professor Jan Inge Sørbø](#), ASH, har kome ut med ny bok med tittelen: "Fire store". Boka omhandlar dei fire forfatarane Hulda Garborg, Gro Holm, Aslaug Vaa og Marie Takvam. Forlaget omtalar boka slik: "I denne boka viser Jan Inge Sørbø kvifor dei fire forfatarane ikkje har fått plassen dei fortener - og kvifor dei bør lesast i dag." Og vidare: "Kva er det som gjer at desse kvinnene ikkje blir lesne på eigne premissar, men i stor grad ut frå kjønnet sitt? Sørbø viser korleis meldarar og litteraturhistorikarar hevdar dei berre ser på kvalitet, og slik usynleggjer tematiseringa av kjønnsroller i bøkene. På den andre sida blir kjønnsdimensjonen gjort total ved at ein ser berre kvinneproblem i litteratur av kvinner. Det er tid for nylesing." [Samlaget har gitt ut boka, både i trykt utgåve og som e-bok.](#)

### **Henrik Bastiansen har redigert bok: "Panikk eller pedagogikk? Mediefag i skolen gjennom 50 år"**

Foreninga Mediepedagogene fylte 50 år hausten 2021 og i samband med det har dei gjeve ut ei jubileumbok der [professor Henrik G. Bastiansen](#), AMF, er ein av fire redaktørar. Bastiansen har også skrive innleiingskapitlet i boka: "Hva skjedde i medie-Norge i 1971, da filmlærerne organiserte seg?". Bastiansen omtalar dette som eit forsøk på å skrive ei alternativ mediehistorie med utgangspunkt i eitt einiskild år. Boka vart lansert på medielærarseminaret og på Mediedagane i Bergen 3. og 4. mai 2022. [Boka kan kjøpast direkte frå foreninga Mediepedagogene.](#)

### **Professor Roar Amdam kommenterer kommune-kutt og "einings-egoisme"**

NRK.no har i ein reportasje fortalt om korleis ei kommunal bustadblokk i Kristiansund har vorte rasert etter at bebuarane i blokka mista eit lågterskel helsetilbod, basen, i same blokka. Amdam meiner dette er eit døme på "einingsegoisme" der innsparingar i psykiatri førte til større kostnader på eignedomssida i same kommune. [Les artikkelen på NRK Møre og Romsdal sine nettsider.](#)

### **Ellen Hovlid om psykisk helse i akademia - også på UiB**

[Professor Ellen Hovlid](#), AMF, skreiv [kronikk i Khrono om "Gråtende stipendiatar"](#) som mange har merka seg. Hovlid har seinare blant anna delteke på [frukostseminar i regi av vernetenesta ved Universitetet i Bergen](#).

## Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

### **Inntil 26 studentassistentar - søknadsfrist 27. mai**

Ved Høgskulen i Volda er det ledig inntil 26 stillingar i inntil 20 % over 5 månadar (august–desember) som studentassistentar. Som studentassistent vil du bidra til at studenter får eit godt læringsmiljø. Aktuelle oppgåver kan variere ut frå behov og kompetanse, og vil i hovudsak vere rettleiing av medstudentar i fagleg arbeid, leie kollokviegrupper, seminargrupper og læringsgrupper. Andre oppgåver kan bli lagt til stillingane. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

### **Stipendiatstillingar i barnevernsarbeid - søknadsfrist 1. juni 2022**

Høgskulen i Volda søker etter stipendiatar ved Avdeling for Samfunnsfag og historie, Institutt for sosialfag (ISF). Vi ønskjer søkarar som har relevante forskingsprosjekt på området barnevern/barnevernsarbeid, gjerne med problemstillingar innanfor: Minoritetsarbeid, tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid (barnevern-barnehage-skule-PPT-Bup), arbeid med barn og familiar, juridiske problemstillingar med relevans for barnevernsarbeid. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

### **Sivolda: Barne- og ungdomsarbeidar (barnehagen) - søknadsfrist 6. juni 2022**

Er du ein engasjert barne- og ungdomsarbeidar? På jakt etter ein kjekk og utfordrande jobb? Røysmarka studentbarnehage har ledig vikariat i barnehageåret 2022/23. Vi søker ein person med relevant utdanning og gode samarbeidsevner, som kan vere med å skape ein god kvardag for barna. Det er ei 60% stilling, med moglegheit for meir. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene til Sivolda.](#)

### **Professor/dosent i matematikdidaktikk - søknadsfrist 15. juni 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for realfag, er det ledig ei fast 100 % stilling som professor/dosent i matematikdidaktikk frå og med 1.8.2023. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

# Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

## Faglege arrangement på og ved HVO:

- 1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)
- 2.6.2022: [Forskningsutvalet](#)
- 2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF
- 3.06.2022: Disputas, [Anita Dyb Linge](#), HVO
- 9.-12.06.2022: [Dei nynorske festspela](#), Volda/Ørsta
- 9.6.2022: Sommaravslutning AKF
- 13.06.2022: [Fagdag om Tarje Vesaas](#), HVO
- 14.06.2022: [Nettverkstreff: Kvinnar innan forskning ved HVO](#)
- 16.6.2022: [Høgskulestyret](#)
- 16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022, tema: Nyskaping](#), Loen
- 20.6.2022: Sommaravslutning ASH
- 21.6.2022: Felles sommaravslutning, BK Kantina
- 22.6.2022: Sommaravslutning AMF
- 23.6.2022: Sommaravslutning AHL, BK Kantina

## Hausten 2022:

- 16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)
- 4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)
- 23.-27.9.2022: [Forskningsdagane 2022](#)
- 29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)
- 1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)
- 16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset
- 18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

## Faste lenker:

**LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

10.5.2022: [Tilstandsrapporten 2022: Kva seier den om Høgskulen i Volda?](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

## STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

# Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)